

Gol sokneråd vedtok i møte 28.10.2014 følgjande høyringsuttale til «Staten og Den norske Kyrkje- eit tydeleg skille»:

Gol sokneråd støttar at Den norske Kyrkja framleis skal vere ei folkekyrkje. Det er positivt at soknet framleis er eige rettssubjekt. Vi støttar at det nye rettssubjektet skal heite Den norske Kyrkja.

Vidare har soknerådet ei tilføyning i §2 :

«Hvert sokn skal være betjent av prest i et omfang som sikrer soknets medlemmer mulighet for regelmessig gudstjenestefeiring, tilgang til kirkelige handlinger og samordning med soknets virksomhet.(herunder trosopplæring, diakoni og kirkemusikk). Hvert prosti skal være betjent av prost og hvert bispedømme av biskop.»

Tilstrekkelig rammeoverføring for å oppretthalde dagens aktivitetar i soknet må til, og i tillegg må det nye rettssubjektet få nok midlar til å løyse dei nye oppgåvene..

Soknerådet meiner at økonomiforvaltninga innan kyrkja må samkøyrast mest mogleg mellom dei to linjene.

Gol sokneråd støttar departementet sitt forslag i § 34 om at all presteteneste skal organiserast slik at prestane kan utøve si teneste i samsvar med ordinasjonens forutsetningar og forplikningar.

Det er viktig at det blir trygge overgangsordningar for dei som skifter arbeidsgjevar slik at desse står i tenesta lengst mogleg Fortsatt medlemskap i Statens pensjonskasse er viktig å trygge for dei som ynskjer det.

Endringane i lovverket må i størst mogleg grad bygge opp om at kyrkja i framtida kan bli ei eining.

28/10 - 2014 Trygve L. Smedsgaard
Leiar Gol Sokneråd -